



Andre Corneliussen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1751 - 14/21934

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:


29.09.2014

## Svar på spørsmål om mulig ulovlig gjerde i strandsona - GBNR 245/28 Kvamme (Ostereidet)

Det vises til dykkar skriv av 07.02.2014 og 02.05.2014. Vi ber om orsak for lang sakshandsamingstid.

Saka gjeld mogleg ulovleg gjerde i strandsona mellom tomt gnr 245 bnr 28 og gnr 245 bnr 29. De har spørsmål omkring søknadsplikt for gjerde då det er aktuelt at de skal betale dere inn i gjerdet.

Ut frå situasjonskartet har vi lagt til grunn at brorparten av gjerdet er plasert på gnr 245 bnr 23. Denne tilhøyrer eigar av bnr. 28. Vi føreset at gjerdet ikkje er oppført som fylgje av verksemd av ervervsmessig karakter. (Den tjukke stripla linja representerar byggegrensa mot sjø)



Ålmenta si ferdselsrett og rett til opphald gjeld først og fremst i utmark. Rett til ferdsel på innmark gjeld i prinsippet berre på dyrka mark som er frosset eller snødekt. Kva som er innmark går fram av friluftlova § 1a.

### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Utmarks og innmarksomgrepa er uavhengig av kommunale planer etter plan- og bygningslova. Allemannsretten er i behold sjølv om eit område på kommuneplanens areadel er t.d. planlagt som utbyggsområde, som her, og sjølv om det i området er ein godkjent reguleringsplan.



Vi kan ikkje sjå at gjerdet på bnr 23 går over «gårdsplass», «hustomt», «dyrka mark», «engslått», «kulturbeite» og «skogplantefelt» eller anna område der ålmenta si ferdsel vil vere til utilbørlig fortrensel for eier eller brukar. For at ein skal finne at ferdsle vil vere til utilbørlig fortrensel for eigar eller brukar, inneber det at det må stilles høye krav for at noko kan rubriseres som innmark. Dette er ikkje tilfelle her.

Arealet vert soleis å sjå på som utmark. I utmark kan einkvar ferdes til fots heile året, jf. friluftsløva § 2.

Dersom eigar eller bruk av grunn stenger eller på annan måte vanskeleggjer ferdsle som er tillete etter friluftsløva er det ulovleg, jf. friluftsløva § 13. Unntaket er der dette «tjener hans berettigete interesser og ikkje er til utilbørlig fortrensel for almenhetens utøvelse av allemannsrett».

Det kan sjå ut som at den primære funksjonen med gjerdet i strandsonen mot nabogrensa er å hindre ferdsele. Sjølv om gjerdet kan tene til å holde dyr inne på eigeidomen eller liknande, må det leggast vekt på at gjerdet vil vere til utilbørlig fortrengsel for ferdsele.

Sjikanøse stengelse kan fjernes med heimel i frilutslov § 40.

#### Er gjerdet søknadspliktig?

Mindre tiltak utendørs krev ikkje søknad og løyve frå kommunen, dersom det er i samsvar med arealplan for området, jf. pbl § 20-3, første ledd, bokstav b. Men er gjerdet høgt og langt, dersom det sperrer steier, eller er i strid med plan, vil det kunne vere søknadspliktig etter § 20-1.

I strandsonen er det eit generelt forbod mot nye tiltak, jf. pbl § 1-8. For å oppføre eit nytt gjerde i 100-metersbeltet (ev. mellom sjøen og byggegrensa mot sjø), er det naudsynt med dispensasjon etter pbl § 19-2. Grunngevinga for søknadsplikt er at kommunen kan vurdere tiltaket mot andre interesser, og eventuelt stille vilkår for å minimere ulempene ved tiltaket.

Ut frå tilsendte foto, kan det sjå ut som at gjerdet er plassert i strid med byggegrensa.

For den delen av gjerdet som er plassert lengre bort frå sjøen (enn byggegrensa) vil søknadsplikt bero på gjerdets lengde og høgde. Vi har dessverre ikkje mål av gjerdet, og kan difor ikkje uttale oss om denne delen.

#### Handsaming

Kommunen kan handsame søknad om oppføring av gjerde.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Andre Corneliussen